



**Mars 2018**

## **Innhald**

Landbrukstreff .....	1
Søknad om produksjonstilskot 2018, del 1 .....	2
Bondens nettverk .....	2
Søknadsfrist SMIL-midlar .....	2
Søknadsfrist tilskot til drenering av jordbruksjord .....	3
Torvuttak .....	3
IBU midlar .....	3
Kommunalt tilskott til landbruksformål .....	3
Gode ordningar for levering av rundballplast .....	3
Områdetakst med miljøregistrering i Lesja og Dovre .....	4
Kommuneplanarbeid - Temaplan planbruk. ....	4
NATO-øving «Trident Juncture» - Hausten 2018 .....	5
Aktuelle fristar/datoar .....	5
Staben ved landbrukskontoret .....	5

## **Landbrukstreff**

Måndag 9. april arrangerer landbrukskontoret landbrukstreff på Joratunet.

Alvdal biovarme kjem for å fortelje om utbygging i Alvdal sentrum.

Øvrig program er under arbeid.

**Måndag 9. april kl. 19.30 på Joratunet**

## Søknad om produksjonstilskot 2018, del 1

Absolutt frist for å søkje om produksjonstilskot del 1 er **15. mars!** Dersom det ikkje er registrert søknad i Altinn ved utgangen av den 15. mars, vil det ikkje være mogleg å søkje seinare på del 1. For alle dykk som leverer søknad innan fristen, er det mogleg å endre søknadsdata fram til og med 29. mars.

Søknadens del 1 legg grunnlag for:

- Halve husdyrtilskot (unntatt sau, ammegeit og bikubar) og driftstilskot mjølk/kjøtt 2018
- Heile husdyrtilskot for sau og ammegeit (alle levende dyr per 01.03)
- Halve avløysartilskot (unntatt sau og ammegeit)
- Heile avløysartilskot for sau og ammegeit
- Halve tilskot til økologisk husdyrproduksjon

Dyretal føretaket har pr. 1. mars legg også grunnlag for grovfôrareal som det søkjast om i haust, når del 2 av søknaden leverast.

Vi oppmodar alle til å fylle inn og sende søknaden i god tid før fristen. Vi har ikkje lenger moglegheit til å levere søknad for dykk når fristen er gått ut.

Søknad 2018, del 2 har absolutt søkefrist 15. oktober. Da skal det søkjast om tilskot til bl.a. husdyr, areal, beite, utmarksbeite og avløyning til ferie og fritid.

Vi gjer merksam på at frå 2018 vil vera berre ein utbetaling i året. Dette vil stille større krav til økonomisk styring hos kvart føretak. Vi oppmodar til at dykk tek kontakt med regnskapsfører eller andre for å få råd og rettleiing for best mogleg likviditet i ditt føretak.

Kom innom eller ring om dykk trenger hjelp til å søkje!

## Bondens nettverk

Bondelaga i Lesja og Dovre har teke initiativ for å setja fokus på psykisk helse i landbruket og vi er i gang med prosjektet som skal ivareta bonden i ulike krisesituasjonar, enten det gjeld personlege kriser, familiære kriser, økonomiske kriser osv. Kommunestyra skal få orientering om prosjektet i mars. Vi arbeider for å forankre prosjektet, få i gang et samarbeid med fleire partar og få oversikt over støttefunksjonane i og rundt landbruksnæringa.

## Søknadsfrist SMIL-midlar

I både Lesja og Dovre er det mogleg å søkje om SMIL-midlar. SMIL-midlar kan gå til tiltak som skal ivareta miljø og kulturlandskapsverdiar i jordbruket. Dette kan typisk dreie seg om restaurering av gamle bygningar, rydding av beite og tiltak for redusert erosjon og avrenning frå jordbruket. Det er krav om at tiltaket skal skje på ein landbrukseigedom, men det er ikkje lenger krav om at søkaren skal vere berettiga produksjonstilskot.

**Søknadsfrist 01.06.2018**

## Søknadsfrist tilskot til drenering av jordbruksjord

I både Dovre og Lesja er det mogleg å søkje om tilskot til drenering av jordbruksjord. Dette kan dreie seg om graving av grøftar og profilering. Satsane vart i 2017 dobla slik at dei no er 30 kroner per løpemeter grøft og 2000 kr per dekar til profilering og systematisk grøfting. Både eigar og leigetakar av landbruksjord kan søkje. Etter søknadsfristen behandles søknadar fortløpande viss det er att ledige midlar.

**Søknadsfrist 01.06.2017**

## Torvuttak

Viss du ynskjer å ta ut torv frå dyrka mark til sal krevst det søknad til kommunen. **Søknadar som er levert til kommunen før 1. april blir prioritert.** Etter 1. april blir søknadar behandla fortløpande inntil det er søkt om inntil 100 dekar i kvar av kommunane.

## IBU midlar

1.februar var det søknadsfrist på IBU-midlar frå Innovasjon Noreg. Det var 10 søknadar i Lesja og 3 i Dovre. I Dovre var det eit mjølkefjøs med robot, eit fjøs for ammeku og eit fjøs for oksar. I Lesja var det 3 mjølkefjøs med robot, 4 ammekufjøs, 1 oksefjøs, 1 sauefjøs og 1 gjødsellager.

IBU midlar kan også gjevast til utvikling av tilleggsnæring på gardsbruk. Det har ikkje vorte behandla søknadar om tilskot til utvikling av tilleggsnæringar så langt i 2018. For tilleggsnæringar er det att midlar etter søknadsfristen 1. februar. Difor er det mogleg å søkje så langt det er ledige midlar.

Neste søknadsfrist for IBU midlar er 1. september 2018. **Det er viktig å levere søknaden til kommunen i god tid før 1. september fordi kommunen skal skrive kommunal uttale til saken.** Søkjarar bes om å kontakte kommunen på førehand i god tid før fristen.

## Kommunalt tilskott til landbruksformål

[Gjeldande retningsliner for det kommunale tilskottet til landbruksformål for Lesja](#) vart vedteke av kommunestyret den 21.04.2016. "Potten" for kommunalt landbrukstilskott i Lesja er i 2018 kr 432 000.

Det er ikkje midlar i budsjettet for 2018 til kommunalt landbrukstilskott i Dovre.

## Gode ordningar for levering av rundballplast

Rundballplast kan leverast på miljøstasjonane på Jora eller Bjorli.

J.O Moen AS kan også hente plasten heime på garden din gratis. Sjå [www.jo-moen.no](http://www.jo-moen.no) for meir informasjon.

For all levering av rundballplast må plasten sorterast etter farge og nettet må tas ut.

## Områdetakst med miljøregistrering i Lesja og Dovre

Det skal utarbeides nye skogbruksplaner for Lesja og Dovre. Arbeidet startet i fjor med laserscanning fra fly i slutten av august. I løpet av denne våren er det nødvendig å få inn bestillinger av skogbruksplan fra skogeierne, slik at markarbeid med skogtaksering kan starte i løpet av våren 2019. Ferdige planer vil da bli levert fortløpende fra oktober neste år. Taksten skal omfatte alt produktivt skogareal tilhørende gardskogeiere og allmenninger. Lesja og Dovre skogeierlag i tillegg til kommunen og fylkesmannen, utgjør styringsgruppa i dette arbeidet. Etter en tilbudsforespørsel til 5 ulike takstselskap i fjor høst, var det Mjøsen Skog SA som fikk takstopprødet.

Dagens planer fra 1997 og 2002 (hhv Dovre og Lesja) er over 15 år gamle, og tilfredsstillende ikke dagens standard for en god skogbruksplan. Det er òg et krav at eksisterende miljøregistreringer (Mis) skal revideres med 15 års mellomrom. Derfor skal det utføres Mis-registrering samtidig, fordi det vil bli adskillig billigere for skogeierne. For å få levert tømmer, er det nå et krav om miljøregistrering i henhold til PEFC-standarden i skogbruket.

Informasjonen om skogen vil bli mer detaljert og nøyaktig med den nye takseringsmetodikken basert på laserdata. Planperm med diverse kart inngår som standardleveranse. I tillegg er det nå mulighet å få digital skogbruksplan. Det gjør det lettere å oppdatere planen i forhold til utførte tiltak. I tillegg kan den brukes sammen med kartfunksjon ved hjelp av smarttelefon med integrert GPS, slik at en lettere kan finne bestandsgrenser og eiendomsgrenser selv.

Prisen for skogbruksplan inkl. Mis-registrering er i utgangspunktet 14,80 kr/daa skog i tillegg til en grunnpris på kr 1500 pr eiendom. Staten gir tilskudd på 50%, slik at den reelle kostnaden til skogeier blir omlag 7,4 kr/daa produktiv skogsmark. Dette er rimelig sett i sammenheng med alle andre investeringer i landbruket. Totalpris for en gjennomsnittlig skogeier på 500 dekar vil da bli kr 5200. I tillegg kan skogfond med skattefordel brukes til innkjøp av skogbruksplan. Avhengig av skatteprosent vil det da bli en egenandel på mellom 15-20 % i forhold til total kostnad. Dette er meget rimelig og miljøregistreringen er i prinsippet fullfinansiert (gratis) med rentemidler og statstilskudd.

I løpet av mars vil det bli utsendt et bestillingsskjema fra takstselskapet hvor det er mulig å bestille skogbruksplan. Her vil det være en generell beskrivelse av arbeidet og prosessen videre. I tillegg vil det bli annonsert et infomøte for skogeierne, hvor det vil bli redegjort for taksten både fra kommunen, takstselskapet og fylkesmannen. Det vil bli møte i Dovre den 20. mars og i Lesja den 21. mars. Møt opp her!

## Kommuneplanarbeid - Temaplan landbruk.

Alle bur i ei kommune og alle kommunar må ha ein plan. I utgangspunktet har alle innbyggjarar eit ansvar for å ta del i arbeidet for denne planen. Planane beskriv kva vi vil, er til hjelp og legg føringar for å utvikle bygda vår i den retninga bygda vil. Vi lever i eit demokrati, der mange avgjersler er lagt ned til lokaldemokratiet. Korleis landbruket i bygda skal utviklast framover skal vi altså legge føringar for no, og arbeidet blir mellom anna gjort i arbeidsgruppe til tematplan landbruk. Temaplanen skal vedtakast av kommunestyret. Dei som er med i gruppa er leiar av forvaltningsstyret Marita Lindbom, Skogeigarlaget Håvard Syse, Beitesamlaget Kari Selsjord, Lesja og Lesjaskog bondelag Ole Bjørner Flittie og Egil Morken, kommuneadministrasjonen Trond Stensby og Mats Heidsve.

Ta kontakt med gruppelemmar for å fortelje kva du ynskjer og kva du ser som viktig.

## NATO-øving «Trident Juncture» - Hausten 2018

Hausten 2018 skal det gjennomførast ei større NATO-øving med kjerneområde i Oppland og Hedmark. Totalt blir det 35.000 deltakarar frå omlag 30 nasjonar. Nord-Gudbrandsdal HV-område 05201 skal delta i øvinga i veke 44 og 45 slik det ser ut pr. i dag.

Ein del av personellet i Nord-Gudbrandsdal HV-område er gardbrukarar som vil bli kalla inn til øvinga, og vi oppmodar til at det allereie no blir tenkt gjennom avløysarsituasjonen under øvinga.

### Aktuelle fristar/datoar

Søknadsfrist produksjonstilskott, del 1	<b>15. mars</b>
Info om skogbruksplan/takst, Dovre	<b>20. mars</b>
Info om skogbruksplan/takst, Lesja	<b>21. mars</b>
Landbrukstreff	<b>9. april</b>
SMIL-midlar	<b>20. april</b>
Tilskot til drenering av jordbruksjord	<b>20. april</b>
Torvuttak	<b>20. april</b>
Neste søknadsfrist for IBU midlar	<b>1. september</b>
Søknadsfrist produksjonstilskott, del 2	<b>15. oktober</b>
Kommunalt landbrukstilskott (Lesja)	<b>1. november</b>

### Staben ved landbrukskontoret

Namn	Tittel	Epostadresse	Telefon
Mats Heidsve	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:mats.heidsve@lesja.kommune.no">mats.heidsve@lesja.kommune.no</a>	917 33 693 61 24 41 11
Harald Aulie	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:harald.aulie@lesja.kommune.no">harald.aulie@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 21
Gunhild Fløttum	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:gunhild.flottum@lesja.kommune.no">gunhild.flottum@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 27
Kari Anette Austvik	Landbruksrådgjevar	<a href="mailto:kari.anette.austvik@lesja.kommune.no">kari.anette.austvik@lesja.kommune.no</a>	61 24 41 12
Kim Berget (måndag og torsdag)	Skogbrukskonsulent	<a href="mailto:kim.berget@lesja.kommune.no">kim.berget@lesja.kommune.no</a>	951 89 558 61 24 41 45
Martin Vorkinn	Konsulent	<a href="mailto:martin.vorkinn@lesja.kommune.no">martin.vorkinn@lesja.kommune.no</a>	900 95 301 61 24 41 14